



**polyfon**  
kunnskapsklynge for musikkterapi

# Årsmelding 2017



*POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi er koordinert av Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen.*

Postadr. c/o Griegakademiet, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Besøksadr.: GAMUT, Nina Griegs gt. 4 , 5015 Bergen. E-post: [polyfon@uib.no](mailto:polyfon@uib.no). Prosjektleder: Brynjulf Stige, tlf. 971 69 746.

## POLYFON vekst i 2017

Kunnskapsklynga POLYFON har som mål å byggje ein referanseregion for musikkterapi. Deltakarane i klynga fokuserer særleg på forskning og tenesteutvikling innan musikkterapi i områda *Barn og unges oppvekst, Psykisk helse, Rus, Eldrehelse og Palliativ behandling og omsorg*.

2017 var POLYFONs tredje prosjektår, og heile fire nye deltakarar kom til dette året: Bergen kommune, Betanien sjukehus, Haraldsplass Diakonale Sjukehus og eit partssamarbeid med ulike aktørar i Sogn og Fjordane. Totalt har klynga no 12 deltakarar, mot 7 i januar 2015. Det er utsikter til vidare utviding i 2018. Utvidinga av klynga gjer det mogeleg å satse meir ambisiøst enn tidlegare, mellom anna når det gjeld å kombinere tenesteutvikling og forskning.

Nokre høgdepunkt frå 2017: I januar vedtok Divisjon psykisk helsevern ved Haukeland universitetssjukehus (HUS) ein ny strategi, der det vart presisert at alle klinikkar skal ha minst *ein* musikkterapeut. HUS er dermed det første helseføretaket i Noreg som går inn for systematisk implementering av musikkterapi, og i løpet av året kom det på plass musikkterapistillingar ved alle Distriktpsikiatriske senter (DPSar) i opptaksområdet til helseføretaket. I løpet av året utvikla Helsedirektoratet pakkeforløp der musikkterapi har ein tydeleg plass, noko HUS har følgd opp med å initiere arbeid med eit nasjonalt samvalsverktøy, der ein i samarbeid med POLYFON også vil integrere musikkterapi. Ein debatt på Stortinget våren 2017 viste at det er eit stort tverrpolitisk engasjement for musikkterapi. Debatten tok utgangspunkt i tilrådingar i fleire nasjonale faglege retningslinjer, og verdien av og potensialet i POLYFON-samarbeidet vart trekt fram som eksempel på korleis ein kan arbeide med å implementere retningslinjene. POLYFONs internasjonale fagråd kom saman den 31. oktober og gav overordna innspel, med vekt på samspelet mellom lokal og internasjonal kunnskapsutvikling og på behovet for å satse på prosjekt som byggjer vilkår for forskarutdanning.

Samarbeidet i klynga legg stor vekt på samspelet mellom tenesteutvikling, forskning, utdanning og formidling, noko eit utval av aktivitetane kan eksemplifisere: POLYFON har i 2017 støtta tenesteutviklingsprosjekt innan t.d. relasjonell helse i skulen og innan oppfølging av brukarar etter utskriving frå spesialisthelsetenesta. POLYFON har arrangert og støtta fleire seminar om musikkterapi for barn på sjukehus og musikkterapi i dei vanskelege overgangane i barn og unges oppvekst. POLYFON har støtta ulike konsertar og arrangement som har sett fokus på korleis musikk kan verte ein kvardagsressurs etter avslutta musikkterapi. POLYFONs arbeid med samarbeidsrelasjonar mellom forskingsmiljø og praksisfelt har dessutan vore med på å byggje føresetnader for større forskingsprosjekt, som t.d. LongSTEP-prosjektet som mot slutten av året fekk ei stor løyving frå NFR. I løpet av 2017 vart POLYFON-konferansen etablert som arena for å presentere og diskutere resultat og erfaringar. Konferansen vart arrangert 21. november, samla 150 deltakarar (brukarar, fagpersonar, studentar og leiarar) og vart ein suksess som vi ønskjer å gjenta.

I sum: Med fleire partnerar i klynga kan samarbeidet no vidareførast med auka tyngde. Arbeidet så langt har gjeve gode resultat, men det er framleis eit godt stykke igjen før nasjonale retningslinjer er implementerte og brukarane får gode nok tilbod. Det vil vi arbeide for i neste periode. I denne årsrapporten får du ein oversikt over aktivitetane i POLYFON i 2017. God lesing!

Helsing

Brynjulf Stige  
Leiar POLYFON

Geir Lien  
Leiar styringsgruppa i POLYFON

## Innhald

1 Generelt om POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.....	5
2 Kort om POLYFON-året 2017.....	6
Januar: Budsjettmerknad, ny strategi og ny ph.d. ....	7
Februar: Programkomité for den første POLYFON-konferansen etablert .....	8
Mars: Nye musikkterapistillingar lyst ut ved fleire DPSar i Helse Bergens opptaksområde .....	8
April: Representantforslag, musikkterapi i pakkeforløp og musikkterapi på utstilling .....	8
Mai: Rockovery og to ulike Cochrane-oversiktar om musikkterapi .....	9
Juni: Mange innspel til representantforslaget på Stortinget, men ikkje fleirtal for forslaget ...	10
August: BUK initierer forskingsprosjekt, ny demensretningslinje og SP oppdaterer seg .....	10
September: Bergensklinikkene og NKS Olaviken får midlar og POLYFON etablerer seg på FB	11
Oktober: Ny periode, Innomed-midlar, musikkontaktkurs, seminar og møte med fagrådet ...	11
November: Ein særskild aktiv månad, med festival, prosjektstøtte, konferanse og mykje meir ...	13
Desember: Pakkeforløp til høyring, styrkt POLYFON-samarbeid og ein viktig rapport .....	15
3 Tenesteutvikling .....	16
Systematisk implementering .....	16
Eksplorativ tenesteutvikling .....	16
Prosjekttildelingar/-søknader .....	18
Planarbeid .....	18
4 Forsking og innovasjon .....	19
POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar .....	19
Nye forskingsprosjekt støtta med POLYFON såkornmidlar .....	19
Andre prosjekt knytt til POLYFON-samarbeidet .....	20
Tildelingar til forskning og innovasjon i 2017, med relevans for POLYFON-samarbeidet .....	21
5 Utdanning .....	22
UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi .....	22
Etterutdanning i musikkterapi, rus og psykiske lidningar .....	22
Vidareutdanning for musikkterapeutar i eldreomsorga .....	22
Framtidig recovery-orientert spesialistutdanning for musikkterapeutar? .....	22
6 Formidling .....	23
Publikasjonar og konferansepresentasjonar .....	23
POLYFON-nytt .....	23
GAMUT og POLYFONs nettsider .....	24
POLYFONs Facebook-side og andre initiativ på sosiale media .....	24
Konsertar og seminar .....	24
POLYFON-konferansen .....	24
7 Samhandling .....	26
Utviding av kunnskapsklynga .....	26
Arenaer for samhandling .....	26
Kombinerte stillingar som reiskap for samhandling .....	27
Andre reiskap for samhandling .....	27

8 Retning for vidare arbeid .....	28
Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for POLYFON pr. 31.12.17 .....	29
Vedlegg 2: Årsrapportar frå arbeidsgruppene i POLYFON .....	31
Vedlegg 2a: Rapport 2017 for POLYFONs arbeidsgruppe Barn og unges oppvekst .....	32
Vedlegg 2b: Rapport 2017 for POLYFONs arbeidsgruppe Psykisk helse vaksne .....	34
Vedlegg 2c: Rapport 2017 for POLYFONs arbeidsgruppe Rus vaksne .....	35
Vedlegg 2d: Rapport 2017 for POLYFONs arbeidsgruppe Eldrehelse .....	36



# 1 Generelt om POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi vart etablert 1. januar 2015. Sonderingar mellom partane starta hausten 2013, etter at Helsedirektoratet i juni same år gav ut ny nasjonal fagleg retningslinje for behandling av personar med psykoselidingar, med ei tydeleg tilråding av musikkterapi. Seinare er musikkterapi tilrådd og/eller nemnd i fleire andre nasjonale faglege retningslinjer. Også innan felt som ikkje har denne type retningslinjer, er det aukande interesse for utvikling av musikkterapi. m.a. av di faget fremmar arbeidsmåtar som stimulerer ressursar, brukarinvolvering og samfunnsdeltaking.

POLYFON har som mål å byggje Bergen og Vestlandet som eit føregangsområde for musikkterapi, med tenester som tar musikkterapi i bruk på ein systematisk og kunnskapsbasert måte, i samspel med utdanning, forskning og formidling.

Deltakarar i kunnskapsklyngas første prosjektperiode har vore:

- Aleris Ungplan & BOI Vest (sidan oktober 2017: Aleris Omsorg Norge)
- Fjell kommune
- Griegakademiet, Universitetet i Bergen
- Haukeland universitetssjukehus
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- RKBU Vest – Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (Uni Research Helse)
- Stiftelsen Bergensklinikkene
- Uni Research Helse.

I tillegg har følgjande tre instansar vore assosierte deltakarar i klynga: Bergen kommune, Haraldsplass Diakonale Sjukehus og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Andre prosjektperiode starta 1. oktober 2017 og er planlagt ut 2020. Følgjande nye deltakarar vart med i 2017:

- Bergen kommune
- Betanien sykehus
- Haraldsplass Diakonale Sjukehus
- Partssamarbeid i Sogn og Fjordane: Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet (fakultet for helse- og sosialfag), Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune (USHT i Sogn og Fjordane).

Det er venta at nye deltakarar vil kome til i løpet av 2018.

Det musikkterapeutiske praksisfeltet er vidt, frå arbeid med for tidleg fødde spedbarn til eldre personar med demens. Feltet omfattar slik langt meir enn behandling i klinisk forstand: arbeid med læring og utvikling, førebygging og folkehelse, oppfølging og omsorg inngår i det musikkterapeutisk feltet.

POLYFON har etablert arbeidsgrupper for fem arbeidsfelt, der brukarrepresentasjon er tatt i vare på ulike måtar:

- Barn og unges oppvekst
- Psykisk helse vaksne
- Rus vaksne
- Eldrehelse
- Palliativ behandling og omsorg.

POLYFONs fagråd (Scientific Advisory Committee) har ein tverrfagleg profil:

- Tia DeNora: Professor in Music Sociology, University of Exeter, Storbritannia
- Lars Lien: Leiar for Nasjonal kompetanseteneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidning (ROP)
- Katrina McFerran: Professor of Music Therapy, University of Melbourne, Australia
- Peter Tyrer: Professor of Community Psychiatry, Imperial College, London.

Prosjektleder: Brynjulf Stige, UiB, tlf. 971 69 746

Administrativ koordinator: Liv Gunnhild Qvale, UiB, tlf.40472281

Leiar i styringsgruppa: Geir Lien, Haukeland universitetssjukehus.

Nestleder i styringsgruppa: Eva Karin Løvaas, Stiftelsen Bergensklinikkene.

Griegakademiet, UiB, koordinerer samarbeidet. GC Rieber Fondene bidrog med vesentlege beløp til forskning i første periode, og denne støtta var avgjerande i kunnskapsklyngas startfase.



*POLYFON kom i gong i 2015, med god støtte frå GC Rieber Fondene. I andre prosjektperiode er Fondene ikkje lenger aktive i finansieringa av klynga, og under POLYFON-konferansen i november fekk Christian Rieber velfortent takk for innsatsen. Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.*



## 2 Kort om POLYFON-året 2017

Dei to viktigaste prosessane dette tredje prosjektåret var å konsolidere samarbeid og innsats for prosjektutvikling og å rekonstituere klynga med eit nytt fundament utan økonomisk støtte frå GC Rieber Fondene. Begge prosessane har lukkast godt, og det var ei styrkt og utvida kunnskapsklynge som 1. oktober gjekk inn i si andre prosjektperiode (som altså er planlagt til ut 2020).

I det følgjande gjev vi ei kort skisse av nokre hendingar i POLYFON-samarbeidet i 2017. Ei meir systematisk framstilling av hovudaktiviteten følgjer i kapitla etter denne kronologiske framstillinga. Vi tar også med hendingar og signal som meir indirekte spring ut av aktiviteten i POLYFON, men som legg føringer for arbeidet i klynga, slik som nye Cochrane-oversiktar, nasjonale retningslinjer, osb.

### Januar: Budsjettmerknad, ny strategi og ny ph.d.

Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget gav (i desember 2016) si innstilling til Statsbudsjettet for 2017, med ein merknad om at det er behov for styrkt innsats for implementering av nasjonale retningslinjer som tilrår musikkterapi: «Komiteen mener pasienter som ønsker det, skal få mulighet til å velge medikamentfrie behandlingalternativ. Musikkterapi har fått aller høyeste evidensbaserte effekt i de faglige retningslinjene for psykose og er et spisset og likeverdig terapeutisk tilbud. Det er utfordrende at musikkterapi i liten grad er implementert og pasienter ikke får likeverdig tilgang på behandling med dokumentert effekt. Musikkterapi er også anbefalt i de reviderte retningslinjene for pasienter med rusmiddelproblemer og avhengighet samt i retningslinje for avrusning. Musikkterapi er relevant i tverrfaglig spesialisert rusbehandling, i kriminalomsorg og i kommunale tjenester. Komiteen viser til at musikkterapi hjelper pasienter og brukere til å finne fram til sine egne ressurser, til å prestere og skape mestringsopplevelser.» I januar vedtok Divisjon psykisk helsevern ved Haukeland universitetssjukehus ein ny strategi for helsefremmande arbeid, der det vart presisert at alle klinikkar skal ha musikkterapeut. Dette er då det første helseføretaket i Noreg som går inn for ein systematisk implementering av musikkterapi. Bakgrunnen er at det har skjedd ei gradvis oppbygging av musikkterapitenester i helseføretaket etter at Helsedirektoratet i 2013 gav ei klar tilråding av musikkterapi i nasjonal fagleg retningslinje for behandling av personar med psykoselidingar. Haukeland universitetssjukehus sitt arbeid med dette vart intensivert i 2017, i samband med implementering av medikamentfrie behandlingstilbod.

I januar fekk etnologen Christine Henriksen Ødegaard finansiering frå Haukeland universitetssjukehus til ph.d.-prosjektet «Medication free treatment in psychosis: The meaning of choice for people with lived experiences of psychosis – A qualitative exploration». Prosjektet skal sjå på brukarane sine erfaringar med samval av terapitilnærmingar, i samband med at Haukeland universitetssjukehus implementerer medikamentfri behandling i psykisk helsevern. Musikkterapi er ein del av det tilbodet som vert rulla ut og inngår som ein viktig del av forskingsprosjektet. Hovudrettleiar er Ingunn Marie Stadskleiv (Institutt for samfunnsmedisin og global helse), medan Brynjulf Stige (Griegakademiet) og Marius Veseth (Institutt for klinisk psykologi) er medrettleiarar. Blant dei internasjonale samarbeidspartnarane er Larry Davidson ved Yale University. Prosjektet vert også utvikla i samarbeid med brukarorganisasjonen Hvite Ørn.



*Christine Henriksen Ødegaard skal studere brukarerfaringar av medikamentfri behandling i psykisk helsevern. Ein av dei tre artiklane vil fokusere spesifikt på brukarane si oppleving av musikkterapitilbodet ved ulike DPSar i regionen.*



### **Februar: Programkomité for den første POLYFON-konferansen etablert**

Dato for den første POLYFON-konferansen vart sett til tysdag 21. november, og i februar vart følgjande programkomité nedsett: Eva Karin Løvaas (Stiftelsen Bergensklinikkene), Synnøve Iden (Haukeland universitetssjukehus), Anne Turid Nygaard (Bergen kommune), Solgunn Knardal (NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus), Randi Luise Møgster (Haukeland universitetssjukehus), Viggo Krüger (Aleris Ungplan/UiB), Bjarte Johansen (brukarrepresentant MOT82), Brynjulf Stige og Liv Gunnhild Qvale (POLYFON).

### **Mars: Nye musikkterapistillingar lyst ut ved fleire DPSar i Helse Bergens opptaksområde**

Berre to av seks Distriktpsykiatriske senter (DPSar) i Helse Bergens opptaksområde har hatt stillingar for musikkterapeut, fram til den nye strategien for helsefremmande arbeid som vart vedtatt i januar. I samband med at Haukeland universitetssjukehus implementerer medikamentfrie tilbod i psykisk helsevern, byrja dei fire andre DPSane i løpet av våren arbeidet med å etablere nye musikkterapeutstillingar.

### **April: Representantforslag, musikkterapi i pakkeforløp og musikkterapi på utstilling**

På Stortinget kom det den 6. april eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Anne Tingelstad Wøien og Kjersti Toppe om å implementere musikkterapi i helsetenesta og å auke den nasjonale utdanningskapasiteten. Forslaget viste til tilrådingar i fleire nasjonale faglege retningslinjer, til tidlegare politiske signal og til erfaringar med implementering. Her vart det m.a. vist til POLYFONs erfaringar. Med referanse til behovet for fleire musikkterapeutar i det norske samfunnet, munna representantforslaget ut i fire konkrete delforslag, inklusivt forslag om å opprette ei tilskotsordning til kommunar og helseføretak som etablerer nye musikkterapistillingar i tenestene, forslag om å sikre ressursar til følgjeforskning og forslag om å auke den nasjonale utdanningskapasiteten i faget.

I april vart POLYFONs prosjektmidlar for våren 2018 delt ut, med ei tildeling til Bergensklinikken avdeling Hjellestad til prosjektet «En kvalitativ studie av betydningen av musikkterapi i sosial recovery for personer med rusmiddelproblemer og ADHD». Studien vil belyse korleis personar med rusdiagnose og ADHD opplever og erfarer musikkterapeutilbodet dei har mottatt i Bergensklinikkene. Eit sentralt spørsmål er om dei opplever musikkterapi som ein faktor i deira sosiale recovery-/tilfriskingsprosess, og i tilfelle korleis. Prosjektleder er prosjekt- og metodeutviklar Therese Dahl, medan Stiftelsen Bergensklinikken ved forskingsdirektør Arvid Skutle er forskingsansvarleg. Ein eigen recoverykonsulent med erfaring frå bruk av musikkterapi i sin sosiale recoveryprosess vil fungere som medforskar i studien.

Sommarstipend for musikkterapistudentar vart også delte ut i april, til tre studentar og ein medforskar med brukarerfaring.

Pakkeforløp for psykoselidingar vart drøfta i rådslag i Helsedirektoratet 25. april. Bakgrunnen var at regjeringa hadde initiert eit utviklingsarbeid om pakkeforløp for psykisk helse og rus, der Helse- direktoratet fekk i oppdrag å drive prosessen. Direktoratet presiserte i sin nettinformasjon at «Pakkeforløp skal bidra til pasientens helsetjeneste gjennom økt brukermedvirkning, bedre samhandling og likeverdig behandling.» Pakkeforløpet som vart lagt fram for rådslag inneheldt ei klar tilråding av musikkterapi, i tråd med retningslinjene for psykosebehandling.

Eit omfattande informasjonsmateriale om musikkterapi vart produsert til Christiekonferansen 2017, m.a. ei eiga informasjonsbrosjyre om POLYFON, som deltakarane kan få i papirutgåva eller laste ned frå [gamut.no](http://gamut.no). Konferansen vart arrangert 25. april, der temaet var «framtida» og utstillarane kom frå det nye Fakultet for kunst, musikk og design. Musikkterapi var vald ut som det fagområdet som Griegakademiet si utstilling skulle synleggjere.

### **Mai: Rockovery og to ulike Cochrane-oversiktar om musikkterapi**

2. mai låg det føre ein etterlengta ny Cochrane-oversikt om terapeutiske musikkintervensjonar og demens. Metaanalysen som Steen og hennar kollegaer har gjennomført indikerer at terapeutiske musikkintervensjonar kan auke velvære og redusere symptom på depresjon og angst hos personar med demens, medan funna knytt til aggresjon, åtferdsproblem og kognisjon er meir usikre. Dette siste kan vere knytt til denne studiens utvalskriterium, då andre analysar som skil mellom profesjonell musikkterapi og andre musikkintervensjonar, finn at musikkterapi har ein signifikant effekt. Uansett: Samla sett viser denne Cochrane-oversikten at det er ein god del internasjonal forskning å byggje på, samstundes som det er behov for fleire studiar av høg kvalitet. GAMUT ved Christian Gold har konkrete prosjektplanar på gong, m.a. knytt til den internasjonale RCTen MIDDEL med fokus på demens og depresjon, der ein vil samanlikne effekten av gruppemusikkterapi og korsong.

Tysdag 10. mai vart det arrangert «Rockovery»-konsert på Madam Felle, med plateaktuelle artistar frå musikkterapi, inklusivt Angelica Kjos, Soul Party og Gatens Evangelium. Konsert vart arrangert i samband med Bergensklinikkene sin Recovery-konferanse.

For norsk musikkterapi har Cochrane-oversikten om musikkterapi og schizofreni vore særskild viktig og 29. mai kom ein ny revisjon av denne metaanalysen. Christian Gold (GAMUT) var førsteforfattar på første versjon i 2005, mens Karin Mössler (GAMUT) var førsteforfattar på oppdateringa i 2011, som var ein vesentleg del av grunnlaget for den klare tilrådinga av musikkterapi i nasjonal psykosereitningslinje frå 2013. Den nye oppdateringa er publisert med Monika Geretsegger – også frå GAMUT – som førsteforfattar. Analysen konsoliderer tidlegare konklusjonar om musikkterapiens effektar når det gjeld negative symptom, og viser også stor effekt når det gjeld livskvalitet.



*Monika Geretsegger og Christian Gold ved GAMUT er høvesvis førsteforfattar og seniorforfattar av den oppdaterte Cochrane-oversikten om musikkterapi og schizofreni. Foto: Eva Phan Quoc/WZMF.*

**Juni: Mange innspel til representantforslaget på Stortinget, men ikkje fleirtal for forslaget**

19. juni vart representantforslaget om musikkterapi frå stortingsrepresentantane Anne Tingelstad Wøien og Kjersti Toppe diskutert i Stortinget. Forslaget fekk ikkje fleirtal, men debatten viste at det er eit stort tverrpolitisk engasjement for musikkterapi, både hjå parti i posisjon og hjå parti i opposisjon. I komiteens innstilling til forslaget, vert det m.a. vist til eit høyringsinnspel frå Byrådsavdeling for sosial, bolig og inkludering i Bergen kommune, som peikar på verdien av musikkterapi i ulike helse- og sosialtenester og på potensialet i POLYFON-samarbeidet.

**August: BUK initierer forskingsprosjekt, ny demensretningslinje og SP oppdaterer seg**

I ein samfunnsmusikkterapeutisk arbeidsmåte kan framføringar vere ein del av prosessen, og dette kan også vere viktig med tanke på utvikling av musikk som meningsfullt livsinnhald etter utskrivning frå klinikken. I august vart den POLYFON-finansierte logoen til [Facebook-sida Musikkterapi Live Bergen](#) klar. Dette er ein samlingsstad for deling av konsertar knytt til musikkterapi. Sida er administrert av musikkterapeutane ved Bjørgvin DPS:

Barne- og ungdomsklinikken ved Haukeland universitetssjukehus arbeider med systematisk utvikling av forskning og musikkterapitenester, gjennom prosjektet «Samspill», m.a. med mål om å leggje til rette for ein framtidig ph.d. på feltet. «Musikk og Smerte-prosjektet» er ein pilotstudie der musikkterapeut Merethe Wold Lindvall og kollegaer vil undersøkje musikkterapi som støttande behandling og smertelindring. Målgruppa er born 4-11 år som skal gjennomgå ulike smertefulle prosedyrar. Dette er ein eksplorativ RCT med fokus på barns oppleving av smerte og på dei pårørande si oppleving av om og i kva grad barnet og dei sjølve er engstelege knytt til prosedyren.

18. august vart ny nasjonal fagleg retningslinje for demens publisert. Retningslinja er tydeleg på at det skal leggjast til rette for personsentrerte tenester. Under kapittel 9.2, er følgjande sterke tilråding gitt: «Virksomheten skal legge til rette for psykososiale aktiviteter som tar utgangspunkt i personen med demens sine egne interesser, preferanser og funksjonsnivå. Aktivitetene formuleres i personens tiltaksplan, som evalueres og tilpasses regelmessig». Spesifikk omtale av behovet for musikkterapeutisk kompetanse står beskrive under underpunktet «Praktisk informasjon»: «En musikkterapeut kan være et alternativ for å gi veiledning/opplæring til helsepersonell for bruk av musikk som miljøbehandlingstiltak, kartlegge individuelle musikkpreferanser sammen med pasient og/eller pårørende og til å arbeide med pasienter med spesielle behov». Den todelte oppgåva som her er skissert for musikkterapeuten er fagleg meningsfull, men musikkterapi er mindre synleg i demensretningslinja enn forventa, gitt musikkterapiens relevans for personsentrert omsorg og den evidensen som finst, jf. Cochrane-oversikten frå 2. mai.

NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus fekk i august vitjing av Kjersti Toppe frå SP. Saman med partikollega Anne Hilleren frå Askøy fekk ho fagleg påfyll, m.a. om musikkterapi. På møtet fekk politikarane høyre døme på korleis musikkterapi er ein del av den tverrfaglege behandlinga ved sjukehuset. Av tema som vart drøfta, var utfordringar knytt til samhandling. NKS Olavikens forskningssjef Minna Hynninen fortel vidare at «Vi diskuterte også muligheter for å få i gang et nasjonalt pilotprosjekt for å utvikle og teste samhandlingsmodeller og skape et grunnlag for nye stillinger i kommunehelsetjenesten.»



*Kjersti Toppe frå SP stod bak representantforslaget om musikkterapi i Stortinget våre 2017. I august tok ho turen til NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus for fagleg oppdatering. Her står ho saman med forskingsleiar Minna Hynninen og musikkterapeut Sunniva Ulstein Kayser.*

### **September: NKS Olaviken får prosjektmidlar og POLYFON etablerer seg på FB**

NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus har initiert arbeid med ein digital applikasjon som kan nyttast i behandling av heimebuande eldre personar med demens, for betre overgangar frå sjukehuset til heimen, og som bidrag til auka meistring, aktivitet og sosial kontakt. Prosjektet har fått tittelen: «Min musikalske livshistorie – Terapeutisk opplevelsesteknologi for eldre med kognitiv svikt» og har m.a. fått støtte frå ExtraStiftelsen. Prosjektgruppa frå NKS Olaviken samarbeider med Norske Kvinners Sanitetsforening, UiB, Lindås kommune, Bergen Teknologioverføring (BTO) og Soundio AS for å utvikle konseptet og teste ein prototype av applikasjonen.

POLYFON etablerer ei eiga Facebook-side, med daglege informasjonsdrypp om arbeidet i klynga. Målsetjinga er todelt, for det første å gje brukarar og fagpersonar hjå klyngedeltakarane lettare tilgang til informasjon om arbeidet, og for det andre å auke kjennskapen til og deltakinga på POLYFON-konferansen.

### **Oktober: Ny periode, Innomed-midlar, musikkontaktkurs, seminar og møte med fagrådet**

Kunnskapsklynga er vesentleg styrkt i det ho går inn i andre prosjektperiode (frå 01.10.2017 til 31.12.2020). Alle dei 8 deltakarane frå første periode vert med vidare, der både Aleris og Haukeland universitetssjukehus utvidar engasjementet. 4 nye deltakarar kjem inn, nemleg Bergen kommune, Betanien sykehus, Haraldsplass Diakonale Sykehus og Partssamarbeid Sogn og Fjordane (Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane (Fakultet for helse- og sosialfag) og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane). Med 12 ulike deltakarar er der grunnlag for auka faglege ambisjonar. Høgskulen på Vestlandet har også signalisert at dei ønskjer å vurdere ei heilskapleg deltaking i kunnskapsklynga, utover det fakultetet som alt er med.

I oktober vart det også kjend at NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus i tillegg til midlane frå ExtraStiftelsen har fått kr. 200 000 i InnoMed-midlar for utvikling av terapeutisk opplevingsteknologi for eldre personar med kognitiv svikt, i prosjektet «Min musikalske livshistorie».



GAMUT har tidlegare publisert kunnskapsbeskrivingar om musikkterapi og barnevern og musikkterapi og psykisk helse på nettsida [www.gamut.no](http://www.gamut.no), og midt i oktober vart ei ny kunnskapsbeskriving om musikkterapi i rusfeltet publisert. Elin Kirkhus Johansen stod for den nye kunnskapsbeskrivinga, under rettleiing av førsteamanuensis Claire Ghetti og med finansiering av eit POLYFON sommarstipend for masterstudentar i musikkterapi.

25. oktober vart det arrangert eit seminar med nærare 140 deltakarar, med tittelen «Musikk er livet! Dagskonferanse om musikk som verktøy i arbeid med barn og unge». Musikk i «vanskelege overgangar» var hovudtema under konferansen, som vart arrangert av Nasjonalt kompetansenettverk for musikkterapi i barnevernsfeltet, med støtte frå POLYFON. Initiativtakarar var Hilde Baardsen (Bufetat region vest), Nina Bolstad (Bergen kommune) og Viggo Krüger (Aleris Omsorg Norge/GAMUT, Griegakademiet). Julie Andersland, Byråd for klima, kultur og næring i Bergen, opna konferansen.

Siste helga i oktober vart det arrangert musikkontaktkurs på Bergensklinikken sine kontor i Bergen sentrum. Kurset var utvikla i samarbeid med MOT82 (Haukeland universitetssjukehus og Bergen kommune) og var opne for alle over 18 år med ønske om å bruke musikkinteressa si til å vere ein ressursperson for andre. For å bli musikkontakt må ein før eller etter kurset melde seg som støttekontakt og bli godkjent i Bergen kommune. Bakgrunnen er at både Stiftelsen Bergensklinikken og Haukeland universitetssjukehus har byrja på ein prosess med systematisk implementering av musikkterapi og har erfart at god oppfølging etter behandling i klinikkane er avgjerande for mange brukarar.

Det internasjonale fagrådet (Scientific Advisory Committee) møtte den 31. oktober fire av POLYFONs arbeidsgrupper, nemleg gruppene for Barn og unges oppvekst, Psykisk helse vaksne, Rus og Eldrehelse. Arbeidsgruppene var på førehand bedt om å identifisere kunnskapsbehov innan ulike praksisområde, slik det ser ut frå tenestene. Slike beskrivingar er nødvendige for at POLYFON skal kunne utvikle behovsdriven forskning. Fagrådet gav konkrete råd til kvar arbeidsgruppe, og også meir overordna innspel med vekt på to punkt: 1) I ei kunnskapsklynge er det nødvendig å utvikle arbeidsmåtar som sikrar at lokal og internasjonal kunnskapsutvikling står i ein samanheng, 2) For å løfte samarbeidet i kunnskapsklynga, vil det vere avgjerande å generere langt fleire ph.d.-prosjekt, og å deretter følgje opp med postdoktorløp osv.



*GAMUT-forskarar i dialog med medlemmar av fagrådet. Frå venstre: Katrina McFerran (University of Melbourne), Claire Ghetti (GAMUT, UiB), Tia DeNora (University of Exeter) og Lars Tuastad (GAMUT, UiB og Haukeland universitetssjukehus). Foto: Liv Gunnhild Qvale, Uni Research Helse.*



**November: Ein sær s aktiv månad, med festival, prosjektstøtte, konferanse og mykje meir**

November vart ein sær s aktiv POLYFON-månad:

1., 2. og 3. november gjentok musikkterapeutar og brukarar frå Bjørgvin DPS suksessen frå i fjor og arrangerte Musikkterapifestivalen 1-2-3. Ein tre-trinns-modellen skapte ramme for festivalen. Modellen som konferansen byggjer på, gjer at brukarane kan følgje opp musikkterapitilbod i psykisk helsevern med å velje tilbod ved MOT82 i Åsane bydel, supplert av sjølvdriven aktivitet med musikk som kvardagsressurs. Altså: 3 trinn – 3 dagar – 3 konsertar – November 1-2-3.

3.-5. november var det startseminar i Bristol for eit ERASMUS-prosjekt som GAMUT (Uni Research) ved Viggo Krüger er partner i. Prosjektet fokuserer på «Relational Health in European Schools» og heiter «STALWARTS – Sustaining Teachers and Learners with the Arts». Professor Leslie Bunt ved University of Western England er prosjektkoordinator. Ved sida av Uni Research, er fire ulike universitet med, i Bristol, Bologna, Porto og Tallinn. Hyssingen produksjonsskole (næraste nabo til KMD og den einaste produksjonsskulen i Noreg) er ein av samarbeidsskulane i prosjektet.

10. november var Barne- og ungdomsklinikken ved Haukeland universitetssjukehus vertskap for eit nasjonalt seminar om musikkterapi, arrangert av Nettverket MiPe – Musikkterapi i Pediatri, med støtte frå POLYFON. Programmet var variert, med eit spenn frå musikkterapi på nyfødt intensiv til musikkterapi og prosedyrestøtte, smerte, anoreksi og palliasjon. Det er tydeleg at barn og unges helse og mestring på sjukehus er eit fagområde innan musikkterapien i både framgang og utvikling.

16. november vart ein oppdatert Cochrane-oversikt om musikkterapi og depresjon publisert, med Christian Gold ved GAMUT som seniorforfattar. Resultata viser at musikkterapi kombinert med standard behandling er meir effektivt enn standard behandling, der musikkterapi kan redusere depressive symptom og angstproblem og styrke funksjon i høve til aktivitet og relasjonar. Metaanalysen gir ikkje grunnlag for å konkludere om musikkterapi er meir effektivt enn annan psykososial terapi eller om aktiv musikkterapi er meir effektivt enn reseptiv musikkterapi. Med andre ord: metaanalysen gir lovande resultat med relevans for utvikling av musikkterapitenester, samtidig som det er behov for meir og betre forskning.

20. november kom styringsgruppa for POLYFONs andre prosjektperiode saman for første gong. Det er ei styrkt klynge som går i gong med ein ny periode, med mål om å knyte saman tenesteutvikling, forskning, utdanning og formidling. Det er no 12 deltakarar som er med i klynga, mot 7 då første prosjektperiode starta. Det første styringsgruppemøtet i andre periode viste at det er ein ny giv i arbeidet, med nye forventningar til kva kvar deltakar kan bidra med og til kva ein kan få gjort i saman.



*Betanien Sykehus er ein av dei nye deltakarane i klynga. Sjukehuset sin styringsgrupperepresentant Brede Aasen er her i dialog med Frode Wikne frå NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus. Foto: Liv Gunnhild Qvale, Uni Research Helse.*

21. november var så datoen for den aller første POLYFON-konferansen. Byråd Erlend Horn opna konferansen, brukarrepresentant Bjarte Johansen kom med ei opningshelsing. Klinikkdirektør Randi Luise Møgster (Kronstad DPS) og direktør Frode Wikne (NKS Olaviken) var dagens to konferansierar. Konferansen samla ca. 150 deltakarar. Dei skriftlege evalueringane viste at konferansen trefte godt, med snittvurderingar på 4,6 (fagleg innhald), 4,5 (lokalitetar) og 4,7 (organisering/gjennomføring) på ein skala frå 1-5 (der 1 = svært lite nøgd og 5 = svært nøgd). Dette er oppmuntrande og inspirerer i planlegginga av ny konferanse i 2018. Konserten på Chagall om kvelden, med artistar frå musikkterapifeltet i Bergensregionen, vart ei fantastisk avslutting på POLYFON-konferansen 2017.



*POLYFON-konferansen har som eitt av sine siktemål å skape ein arena for erfaringsutveksling og relasjonsbygging innan kunnskapsklynga. Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.*

28. november vart det kjend at NFR-programmet 'BEHANDLING' har gitt støtte til 10 nye prosjekt, inklusivt GAMUT-prosjektet "Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers: international randomized trial (LongSTEP)." Søkjar og prosjektleiar første år er Christian Gold, og prosjektet vil involvere fleire forskarar både ved UiB og Uni Research. I tillegg kjem tett samarbeid med Haukeland universitetssjukehus og partnerskapsinstitusjonar i Norge, Sverige, Tyskland, Israel, Colombia og Storbritannia. Hovudmålet i prosjektet er definert slik: «To provide high-quality evidence of the effects of music therapy on bonding between preterm infants and their parents during neonatal hospitalization and in primary care post-discharge».

### **Desember: Pakkeforløp til høyring, styrkt POLYFON-samarbeid og ein viktig rapport**

Hesledirektoratet sendte tidleg i desember fem nye pakkeforløp innan psykisk helse og rus ut på høyring. Pakkeforløpet ved mistanke om psykoseutvikling og psykoselidingar tilrår musikkterapi som behandling ved første psykoseepisode: «Musikkterapi kan bidra til pasientens tilfriskning. En slik behandlingsform bør starte så tidlig som mulig. Behandlingen må være strukturert, tilbys over tid og utføres av terapeuter med godkjent utdanning innen musikkterapi.» Høyringsfristen er sett til 1. april.

NFR si tildeling til LongSTEP-prosjektet vart eit godt utgangspunkt for styrking av samarbeidsrelasjonar i POLYFON, særleg då mellom GAMUT/Griegakademiet, RKBV Vest og Barne- og ungdomsklinikken ved Haukeland universitetssjukehus.

«Prosjektgruppen Barne- og familiehjelpen» i Bergen kommune leverte i desember ein rapport som foreslår å etablere eit barne- og familiehus i fire byområde, med vekt på tenester kjenneteikna av brukarmedverknad og tverrfagleg samarbeid. Nye profesjonar i desse tenestene er då foreslått, deriblant ei musikkterapistilling per byområde. Dersom rapporten vert følgd opp i vidare planarbeid, vert det eit gjennombrøt når det gjeld systematisk satsing på musikkterapi innan Byrådsavdeling for helse og omsorg i Bergen. Dette vert styrkt av rapporten sine signal om forskingssamarbeid innan feltet, der det vert foreslått at kommunen prioriterer samarbeid med to forskingsmiljø, nemleg RKBV Vest og GAMUT.



*Claire Ghetti, Lucja Bieleninik og Christian Gold er dei tre GAMUT-forskarane som har vore mest involverte i utvikling av det NFR-finansierte forskingsprosjektet LongSTEP. Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.*



### 3 Tenesteutvikling

Tenesteutvikling i POLYFON har ei kvantitativ og ei kvalitativ side, der fleire stillingar og fleire *heile* stillingar er ein av føresetnadene for utvikling av kvalitet i musikkterapienester.

Innan alle dei fem arbeidsfelta i kunnskapsklynga er det langt igjen før musikkterapienester er tilgjengelege for brukarane på ein rettferdig fordelt måte. Kva som er rimelege forventningar på dei ulike arbeidsfelta, må likevel differensierast. På nokre område er det rimeleg med systematisk implementering med utgangspunkt i nasjonale retningslinjer, medan musikkterapi på andre felt framleis er i ein eksplorativ fase, i større eller mindre grad.

I det følgjande skal vi gje døme på arbeid med tenesteutvikling i POLYFON i 2017, der vi då skil mellom systematisk implementering, eksplorativ tenesteutvikling, prosjekttildelingar/-søknader og planarbeid.

#### Systematisk implementering

I januar 2017 vedtok Divisjon psykisk helsevern i Haukeland universitetssjukehus ein ny strategi for helsefremmande arbeid, der det vart presisert at alle klinikkar skal ha musikkterapeut. Dette er det første helseføretaket i Noreg som går inn for systematisk implementering av musikkterapi. Berre to av seks Distriktpsikiatriske senter (DPSar) i Haukeland universitetssjukehus sitt opptaksområde hadde musikkterapistillingar då denne strategien vart vedtatt. I løpet av året har alle seks fått musikkterapeut på plass, der somme av desse DPSane allereie arbeider med planar for vidare utviding av tilbodet.

#### Eksplorativ tenesteutvikling

Aleris Omsorg Norge har i 2017 vidareutvikla samarbeidet med Bergen kommune om førebyggjande og helsefremmande arbeid ved skular. Denne aktiviteten vart i 2017 også styrkt av ei Erasmus-tildeling til prosjektet «STALWARTS – Sustaining Teachers and Learners with the Arts», som fokuserer på relasjonell helse i skulen. GAMUT (Uni Research) ved Viggo Krüger er partner i STALWARTS, og Hyssingen produksjonsskole er ein av samarbeidsskulane i prosjektet.



*Viggo Krüger – her med ein ungdom, ein student og ein kollega under «Musikk er livet»-konferansen i oktober – skal i prosjektet STALWARTS arbeide med relasjonell helse i skulen, m.a. i samarbeid med Hyssingen produksjonsskole. Foto: Rune Rolvsjord: Uni Research Helse.*

Barne- og ungdomsklinikken på Haukeland universitetssjukehus har vidareutvikla prosjektet «SAMSPILL: Musikkterapi i klinikk og forskning», m.a. med eit tydelegare fokus på musikk og smerte. Bergensklinikken har sidan 2014 hatt tre musikkterapistillingar. Desse har primært vore disponerte til døgn- og dagbehandling på Hjelpestadklinikken. I 2017 vart noko av ressursane flytta ned til Bergensklinikken sine lokale i sentrum, der musikkterapi vert tilbydd i poliklinikk for unge vaksne (poliklinisk ungdomsteam) og i dagavdelinga for kvinner.

Bergensklinikken og Haukeland universitetssjukehus har i 2017 samarbeidd om å utvikle tiltak som kan styrkje oppfølging etter utskrivning frå klinikken, der det i oktober vart arrangert eit musikkontaktkurs knytt til Bergen kommunes støttekontaktordning.

Haukeland universitetssjukehus og Bergen kommune har også vidareført samarbeidet om utvikling av MOT82, eit musikkoppfølgingstilbod i Åsane bydel. I forlenginga av dette, var det i 2017 også eit styrkt fokus på musikk som kvardagsressurs, etter avslutta musikkterapiprosess. Tysdag

10. mai vart det arrangert «Rockovery»-konsert på Madam Felle, med plateaktuelle artistar frå musikkterapi, og i november arrangerte Bjørgvin DPS Musikkterapifestivalen 1-2-3.

Fjell kommune har vidareført si utprøving av musikkterapi ved MO-senteret i kommunen.

Musikkterapeutane Viggo Krüger ved Aleris Omsorg Norge, Solgunn Knardal ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus og Kathrine Dahle i Bergen kommune har i 2017 gjennomført eit pilotprosjekt der ungdommar i kontakt med barnevernet får høve til å vere ressursar for yngre personar med demens. Prosjektet vart gjennomført i samarbeid med Lynghaug aktivitetssenter og resulterte i ei engasjerande framføring ved avslutning av POLYFON-konferansen 2017.



*Rockovery-konseptet er ein leiken vri på musikkterapiens arbeid med å utvikle recovery-orientert praksis, ein vri der arbeid med framføring og konsertar inngår. Her introduserer Eva Karin Løvaas neste låt under Rockovery-konserten på Madam Felle 10. mai. Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.*





Her er eit band frå MO-senteret i Fjell kommune i sving, under leiing av musikkterapeut Malena Ottesen. Bildet er frå konserten på Chagall i samband med POLYFON-konferansen 2017. Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.

### Prosjekttildelingar/-søknader

Gjennom Rådet for psykisk helse fekk Lars Tuastad tildeling til prosjektet «Utan Terapeut – Mot82 UT i lokalsamfunnet». Tildelinga er på kr. 750 000 for 2017, med intensjon om tilsvarande beløp for 2018. Prosjektet er etablert som eit samarbeid mellom Bjørgvin DPS og Bergen kommune.

«Maren Metell skal lage sanggruppe for familier med synshemmingar – flott, enkelt og viktig for veldig mange! Norges Blindforbund er naturlegvis samarbeidspartner». Slik presenterte ExtraStiftelsen tildelinga til Maren Metells prosjekt, som fekk kr. 34 000 i 2017.

Etat for psykisk helse og rustenester i Bergen kommune søkte for 2017 Fylkesmannen om prosjektstøtte til to musikkterapistillingar innan rusfeltet, utan å få tildeling.

### Planarbeid

«Prosjektgruppen Barne- og familiehjelpen» i Bergen kommune leverte på slutten av 2017 ein rapport som foreslår å etablere eit barne- og familiehus i fire byområde, med vekt på tenester kjenneteikna av brukarmedverknad og tverrfagleg samarbeid. Rapporten foreslår ei musikkterapistilling per barne- og familiehus. Planarbeid med utgangspunkt i rapporten startar i 2018.



Nina Bolstad (t.v.), her saman med Viggo Krüger (Griegakademiet / Aleris Omsorg Norge) og Hilde Baardsen (Bufetat region vest), har vore leiar for «Prosjektgruppen Barne- og familiehjelpen». Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.

## 4 Forsking og innovasjon

Her følgjer eit oversyn over små og store prosjekt som har fått såkornmidlar frå POLYFON i 2017, eller som på andre måtar er knytt til POLYFON-samarbeidet:

### POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar

Fire personar fekk sommarstipend i 2017. To av desse var finansierte av POLYFON og to av midlar frå Christieprisen 2015, som mottakaren Christian Rieber har donert til dette formålet. Søknader har vore vurderte av ein sakkyndig komité, der følgjande prosjekt har fått tildeling:

- Astrid Linnea Østerholt og Bjarte Johansen fekk stipend på kr. 36 000 kvar til prosjektet: «MOT82 Ut i lokalsamfunnet. Brukar spør brukar. Evaluering av prosjektet Utan Terapeut».
- Elin Kirkhus Johansen fekk stipend på kr. 36 000 til prosjektet: «Kunnskapsbeskriving av musikkterapi i rusfeltet».
- Camilla Hay fekk stipend på kr. 36 000 til prosjektet: «Kunnskapsbeskriving av musikkterapi i demensomsorga».

### Nye forskingsprosjekt støtta med POLYFON såkornmidlar

- Bergensklinikken avdeling Hjeltestad er tildelt kr. 100 000 til: «En kvalitativ studie av betydningen av musikkterapi i sosial recovery for personer med rusmiddelproblemer og ADHD».
- Claire Ghetti ved Griegakademiet får kr. 20.000 i støtte til å undersøkje om protokollen for LongSTEP (Longitudinal study of music therapy's effectiveness for premature infants and their caregivers) er eigna for å imøtekomme behova til for tidleg fødde spedbarn og deira familiar i ein norsk kontekst. Prosjektet vil førebu ein påfølgjande multinasjonal RCT-studie.
- Sunniva Ulstein Kayser ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus får kr. 80.000 i støtte til prosjektet *Sound Beam som musikkterapeutisk hjelpemiddel for personer med Huntington sykdom*. Prosjektet vil evaluere om bruk av Sound Beam kan bidra til å auke samhandling og kommunikasjon med pasientar med Huntingtons sjukdom.
- Viggo Krüger ved Aleris Omsorg Norge og Griegakademiet og Thomas Høiseth ved Aleris Omsorg Norge får kr. 30.000 i støtte til frikjøp for å skrive ein vitskapleg artikkel i eit komande temanummer i tidsskriftet Norges Barnevern. Artikkelen vil ha tittelen «Lokal kraft skaper kraft lokalt – Musikkterapi som tilnærming for et helhetlig læringsmiljø i tverretatlig og tverrfaglig samarbeid mellom barnevern og skole».



Astri Linnea Østerholt og Bjarte Johansen fekk sommarstipend av POLYFON, og presenterer her resultatane på POLYFON-konferansen 2017, saman med Lars Tuastad (Griegakademiet og Haukeland universitetssjukehus). Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.



- Lars Tuastad ved Bjørgvin DPS og Griegakademiet får kr. 50.000 i støtte til prosjektet «Medforskning og Utforskning. Ei vidareføring av Brukar spør brukar-evalueringa av prosjektet Utan Terapeut – MOT82 UT i lokalsamfunnet». Med prosjektet ønskjer ein å auke medforskningskompetanse hos brukar og student, å ferdigstille brukar spør brukar-evalueringssrapporten, og å utvikle og samskrive artiklar på bakgrunn av arbeidet med rapporten.

### Andre prosjekt knytt til POLYFON-samarbeidet

Fleire prosjekt ved GAMUT og/eller ved dei andre deltakarane i klynga vil vere av relevans for POLYFON. Her tar vi med følgjande døme:

- Randi Rolvsjord, GAMUT, UiB: «Implementering av musikkterapi som en del av et recovery-orientert behandlingstilbud for mennesker med psykoselidelser». Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Kronstad DPS, Haukeland universitetssjukehus. Periode: 2015-2017. Finansiering: UiB, POLYFON, Kronstad DPS.
- Lars Tuastad, GAMUT, UiB: «MOT 82 – MusikkOppfølgingsTilbud for menneske med psykisk lidning». Prosjektet er både planlagt som eit tenesteutviklingsprosjekt og som eit kvalitativt forskingsprosjekt. Periode for forskingsprosjektet: 2015-2018. Finansiering av forskingsprosjektet: UiB.
- Viggo Krüger, Aleris Ungplan: «Mot et selvstendig liv i fellesskap, musikkterapi innen ettervern i barnevernet». Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med forskarar ved UiB og Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet. Periode: 2014-2019. Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest.
- Minna Hynninnen, NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus: «Musikkterapi for behandling av angst og depresjon hos personer med kognitiv svikt/mild demens». Prosjektet er ein del av ph.d.-arbeidet til psykolog Kristine Madsø. Finansiering: POLYFON, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus.
- Guro Parr Klyve, GAMUT, UiB: «Musikkterapi med barn på sykehus i psykisk helsevern». Ph.d-prosjekt om musikkterapi på sjukehus for born i psykisk helsevern. Periode: nov. 2016-nov. 2020. Finansiering: UiB.
- Claire Ghatti og Brynjulf Stige, GAMUT, UiB: «Perspektiver på implementering av musikkterapi i tverrfaglig spesialisert rusbehandling». Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Stiftelsen Bergensklinikkene. Periode: 2015-2017. Finansiering: UiB.



Randi Rolvsjord (t.h.) – her saman med Jorunn Bakke Nydal (Sogn og Fjordane fylkeskommune) – er ein av GAMUT-forskarane som har disponert delar av den UiB-finansierte forskningstida si til eit POLYFON-relatert prosjekt. Foto: Liv Gunnhild Qvale, Uni Research Helse.

- Christine Ødegård har fått støtte frå Haukeland universitetssjukehus for eit ph.d.-prosjekt som kan følgje opp brukarerfaringar med medikamentfrie tilbod i psykisk helsevern: «Medication free treatment in psychosis: The meaning of choice for people with lived experiences of psychosis –A qualitative exploration». Erfaringar med musikkterapi er eitt av fokusa i prosjektet, og rettleiarar frå tre ulike UiB-fakultet er involvert: Ingunn Marie S. Engebretsen, Marius Veseth og Brynjulf Stige. Periode: 2017-2020.

#### **Tildelingar til forskning og innovasjon i 2017, med relevans for POLYFON-samarbeidet**

- På slutten av 2017 fekk GAMUT ei tildeling på kr. 19 millionar frå NFR-programmet 'BEHANDLING', til prosjektet "Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers: international randomized trial (LongSTEP)." Søkjar og prosjektleiar første år er Christian Gold. Prosjektet har partnerskapsinstitusjonar i Noreg, Sverige, Tyskland, Israel, Colombia og Storbritannia, og vil også byggje samarbeidsrelasjonar innan POLYFON, m.a. mellom GAMUT, RKBU og Haukeland universitetssjukehus. Bergen kommune valde ikkje vere med i dette samarbeidet.
- NKS Olaviken arbeider med å utvikle ein digital applikasjon som kan nyttast i behandling av heimebuande eldre personar med demens, for betre overgangar frå sjukehuset til heimen, og som bidrag til auka meistring, aktivitet og sosial kontakt. Prosjektet har fått tittelen: «Min musikalske livshistorie – Terapeutisk opplevelsesteknologi for eldre med kognitiv svikt». Prosjektgruppa frå NKS Olaviken samarbeider med Norske Kvinners Sanitetsforening, UiB, Lindås kommune, Bergen Teknologioverføring - BTO og Soundio AS for å utvikle konseptet og teste ein prototype av applikasjonen. Prosjektet fekk innleiingsvis støtte frå ExtraStiftelsen og fekk i 2017 også kr. 200 000 i InnoMed-midlar frå Helsedirektoratet.

## 5 Utdanning

### UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi

For Griegakademiet si femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi representerer POLYFON ein viktig kontaktflate med brukarar, fagpersonar og leiarar i tenestene, noko som gjev innspel til og idear for vidareutvikling av studieplan og emneinnhald. I 2017 har ein ny studieplan vorte implementert, m.a. med meir vekt på informasjon om praksisfeltet tidleg i studiet og profesjonskunnskap seinare i studiet. Fagmiljøet arbeider kontinuerleg med revisjonar i studieplanen, og innspel frå POLYFON-samarbeidet er ein del av grunnlaget for dette.

### Etterutdanning i musikkterapi, rus og psykiske lidningar

GAMUT fekk i 2016 eit nytt tilskot frå Helsedirektoratet til etterutdanning innan feltet musikkterapi, rus og psykisk helse. Delar av dei tildelte midlane vart overførte til 2017, og 1 etterutdanningskurs koordinert av Martine Diesen vart gjennomført våren 2017. Det gode samarbeidet med RKBU Vest i Uni Research Helse vart også vidareført.

Det vart i 2017 ikkje søkt om nye midlar til etterutdanningskurs.

### Vidareutdanning for musikkterapeutar i eldreomsorga

Hausten 2016 starta UiB opp med eit nytt vidareutdanningstilbod for musikkterapeutar i eldreomsorg, med 13 musikkterapeutar frå heile landet. Utdanninga gjekk på deltid over to semester, og vart avslutta med eksamen i juni 2017. Undervisninga var lagt til fire to-dagars samlingar ved UiB, med førsteamanuensis Tone S. Kvamme som emneansvarleg.

Prosjektleiinga for POLYFON har ikkje tatt nye initiativ til å gjenta dette vidareutdanningstilbodet eller til å initiere nye. Dette skuldast dels at slike tilbod er krevjande å finansiere, dels at det er eit ope spørsmål om vidareutdanning er eit riktig format for kompetanseutvikling og -vedlikehald for ein profesjon som fordrar grunnkompetanse på masternivå, sjå punktet om spesialistutdanning nedanfor.

### Framtidig recovery-orientert spesialistutdanning for musikkterapeutar?

I september 2016 diskuterte styringsgruppa for POLYFON ulike strategiar for systematisk implementering av musikkterapi i det norske helsevesenet. Her kom ulike moment fram, også moment knytt til utvikling av musikkterapeutens yrkesrolle og -kompetanse. Styringsgruppa foreslo at klynga skal arbeide for at nyetablerte musikkterapistillingar ligg innanfor eitt rimeleg avgrensa fagfelt, slik at musikkterapeuten kan opparbeide spisskompetanse.

Vidare presiserte styringsgruppa følgjande: «Tenestene etterspør spesialisering for musikkterapeutar framfor vidareutdanning, spesielt innanfor kliniske felt og i spesialisthelsetenesta. Dette blir eit viktig vegval for POLYFON.» (Referat frå møte 3/2016 i styringsgruppa for POLYFON, sak 10/16).

Rådet frå styringsgruppa har vore grundig diskutert i 2017, der både fagmiljøet ved Norges musikkhøgskule og ved Griegakademiet ser positivt på å initiere ei utgreiing om framtidige spesialistutdanningstilbod i musikkterapi, og eventuelt ein pilot knytt til POLYFON-samarbeidet. Leiinga ved UiB har førebels ikkje tatt stilling til ideen. Eventuelt arbeid med dette vil fordre nært samarbeid med aktuelle deltakarar i klynga, og truleg også tett dialog med Helsedirektoratet.



## 6 Formidling

Ein eigen POLYFON-brosjyre vart utarbeidd i 2017, som deltakarane kan få i papirutgåve eller laste ned frå [gamut.no](http://gamut.no).

Formidling er ein viktig del av POLYFON-samarbeidet, og det har i løpet av 2017 vore arbeidd med formidling på fleire ulike måtar:

### Publikasjonar og konferansepresentasjonar

Etterkvart som samarbeidet i kunnskapsklynga POLYFON byrjar setje seg, kjem det etter kvart forskingspublikasjonar og konferansepresentasjonar som spring ut av klynga, direkte eller indirekte. Vi viser til årsmeldingar og nettsider for GAMUT og dei andre klyngedeltakarane for nærare informasjon.

Prosjektlear har i 2017 publisert ein artikkel som konkret beskriv erfaringar med kunnskapsklynga, drøfta i eit økologisk perspektiv på musikkterapeutisk fag- og profesjonsutvikling. Denne er publisert i tidsskriftet *Musikkterapi* og tilgjengeleg på [musikkterapi.no](http://musikkterapi.no).

Den internasjonale interessa for POLYFON held også fram, der prosjektlear i 2017 vart invitert til å halde føredrag om kunnskapsklynga ved den nasjonale musikkterapikonferansen i Spania i mars og ved verdskonferansen i musikkterapi i Japan i juli.

Også i Bergens-regionen vart det høve til å presentere POLYFON i 2017, gjennom ei utstilling under Christiekonferansen i april.

### POLYFON-nytt

Bulletengen «POLYFON-nytt» har også i 2017 formidla stort og smått av nyhende frå samarbeidet i klynga. Fire nummer kom ut, med glimt frå praksisfeltet, opplysningar om prosjekt og retningslinjer, kunngjeringar av seminar og utlysingar, osb. Etter kvart nummer får vi positive tilbakemeldingar frå lesarar, samstundes som vi må erkjenne at bulletengen når ut til ei avgrensa målgruppe, der vi framleis berre har litt over 100 abonnentar. I år som i fjor må vi difor konkludere med at det er potensial for å auke spreiainga av bulletengen i dei ulike deltakarorganisasjonane.



Her gjer Lars Tuastad, Kathrine Dahle, Claire Ghetti, Brynjulf Stige og Karin Mössler seg klar til presentasjon av musikkterapi under Christiekonferansen 2017. I tillegg fekk dei hjelp av Morten Sommerbakk frå bandet Gatens Evangelium. Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.

### **GAMUT og POLYFONs nettsider**

I løpet av 2016 etablerte vi ei eiga nettside om POLYFON (under [www.gamut.no](http://www.gamut.no)). Her legg vi ut stabil informasjon, slik som generell informasjon om kunnskapsklynga, lenker til POLYFON-nytt, årsmeldingar, kunngjeringar og utlysingar.

Kunnskapsbeskrivingane på GAMUT si nettside er også relevant for POLYFON-samarbeidet. Frå tidlegare år låg det ute ei kunnskapsbeskriving om musikkterapi og psykisk helse og ei om musikkterapi og barnevern. Ei ny kunnskapsbeskriving vart utvikla og publisert i 2017, om musikkterapi i rusfeltet. Grunnarbeidet for denne vart gjennomført ved hjelp av eit POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar. Ei fjerde kunnskapsbeskriving, om musikkterapi og eldrehele, er under utarbeiding, også med utgangspunkt i eit sommarstipendprosjekt i 2017.

### **POLYFONs Facebook-side og andre initiativ på sosiale media**

Hausten 2017 vart ei eiga POLYFON-side på Facebook etablert, med nye innlegg dei fleste dagar. Her formidlar vi små og store nyhende i kunnskapsklynga, med informasjon om praksis, forskning, utdanning, seminar og konsertar. POLYFON er regionalt forankra med nasjonal og internasjonal horisont, og det skal Facebook-sida også vere. Vi legg vekt på å formidle stoff som er relevant for både brukarar, fagpersonar, leiarar og ålmenta. Interesse for Facebook-sida har vore jamt aukande, der det frå ein forsiktig start i september/oktober var ca. 400 personar som følgde sida ved utgangen av året. Deltakarane i klynga er sjølvstøtt velkomne til å sende prosjektleiar informasjon om hendingar og saker som kan danne utgangspunkt for innlegg, og til å like og dele dei innlegga som kjem.

Det har i 2017 også vore aukande aktivitet på sosiale media av ulike deltakarar i klynga, der det i tillegg til Facebook-sida «Musikkterapi Live Bergen» også er etablert sida «Etterklang» (ei gruppe for dei som tidlegare har gått i musikkterapi og ønskjer å finne nokon å spele eller gå på konsert med, drifta av musikkterapeut Steinar Hjelmbrække ved Hjelpestadklinikken). Facebook-sida «Kultur og helse Sogn og Fjordane» (ei side om satsinga på kultur og helse, drifta av Jorunn Bakke Nydal ved fylkessenteret for musikkterapi) må også nemnast. I 2017 vart det i tillegg etablert ei musikkterapiside på Soundcloud, der ein kan finne musikk av artistar med tilknytning til musikkterapi. Sida er drifta av musikkterapeut Øystein Lydvo ved Bjørgvin DPS.

### **Konsertar og seminar**

I løpet av 2017 vart det gjennomført følgjande formidlingsarrangement i regi av eller i samarbeid med POLYFON:

- 10. mai: [Rockovery Bergen](#). Gratiskonsert på Madam Felle, med plateaktuelle artistar med bakgrunn frå musikkterapi. Arrangert med støtte frå POLYFON.
- 25. oktober: [Musikk er livet!](#) Dagskonferanse om musikkterapi som tilnærming i barnevernet. Arrangør: Bufetat, Bergen kommune, Aleris og POLYFON/GAMUT.
- 10. november: [Ope seminar om musikkterapi i pediatri](#), med føredrag og paneldebatt om musikkterapi ved barneklinnkane ved universitetssjukehusa i Noreg Arrangør: Haukeland universitetssjukehus, MiPe (nettverket Musikkterapeuter i Pediatrien) og POLYFON.

I tillegg kjem ei rekkje relevante konsertar og seminar arrangerte av klyngedeltakarane sjølve. Musikkterapi og POLYFON vart dessutan synleggjort i eit arrangement i Studentersamfunnet 24. oktober: [Musikk som terapi](#).

### **POLYFON-konferansen**

Hausten 2016 vedtok styringsgruppa for POLYFON at klynga frå 2017 skal arrangere ein årleg POLYFON-konferanse, med intensjon om å synleggjere kunnskap om og erfaringar med musikkterapi og å byggje det samhald og samarbeid som klynga treng for å fungere optimalt. 21. november 2017 vart datoen for den første POLYFON-konferansen, arrangert i UiBs auditorium «Egget», med temaet «Musikkterapi gjennom livet». Konferansen hadde plenumsføredrag av Anne

Blindheim, Jan Olav Johannessen, Lars Lien, Dag Øystein Nordanger og Hanne Mette Ridder, og parallelle presentasjonar, konsertføredrag og rundebordskonferansar i heile 6 spor. I tillegg var det musikkinnslag av musikkterapistudentar, og av det før omtalte samarbeidsprosjektet mellom ungdom i kontakt med barnevernet og yngre personar med demens. Byråd Erlend Horn opna konferansen, og brukarrepresentant Bjarthe Johansen kom med ei opningshelsing. Klinikkdirktør Randi Luise Møgster (Kronstad DPS) og direktør Frode Wikne (NKS Olaviken) var dagens to konferansierar. Konserten på Chagall om kvelden, med artistar frå musikkterapifeltet i Bergensregionen, vart ei flott avslutting på konferansedagen.

Konferansen samla ca. 150 deltakarar og vart evaluert skriftleg av konferansedeltakarane og munnleg gjennom diskusjonar i programkomiteen og organisasjonskomiteen for konferansen. I hovudsak fekk konferansen – og den tilhøyrande konserten same kveld – svært positiv evaluering, både når det gjeld fagleg innhald, lokalitetar og organisering/gjennomføring.

I hovudsak verkar det difor tenleg å arrangere POLYFON-konferansen for 2018 etter om lag same mal som for konferansen i 2017, med enkelte mindre justeringar. Programkomiteen foreslår følgjande tema for dei tre konferansane i andre prosjektperiode:

- 2018: «Musikkterapi og samhandling»
- 2019: «Brukarmedverknad i musikkterapi»
- 2020: «Tenesteutvikling i musikkterapi».



*POLYFON-konferansen vart avslutta med sterke musikkinnslag frå eit samarbeidsprosjekt mellom ungdom i kontakt med barnevernet og yngre personar med demens. Her under leiing av musikkterapeut Solgunn Knardal frå NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus. Foto: Rune Rolvsjord, Uni Research Helse.*



## 7 Samhandling

Samhandling er ein grunnidé i POLYFON og skjer på fleire arenaer, gjennom bruk av fleire reiskap:

### Utviding av kunnskapsklynga

Ved utgangen av 2017 var det totalt 12 deltakarar i kunnskapsklynga, mot 7 då ein starta opp i januar 2015. I løpet av 2017 kom fire nye deltakarar til:

- Bergen kommune
- Betanien sykehus
- Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Partssamarbeid Sogn og Fjordane (Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet ved Fakultet for helse- og sosialfag og Førde kommune ved Utviklingssenteret for heimetenester og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane)

Andre prosjektperiode for POLYFON starta 1. oktober 2017, og alle deltakarar frå første periode valde å halde fram som deltakarar i klynga. To av desse valde å utvide samarbeidet, der Aleris no er med nasjonalt (som Aleris Omsorg Norge) og Haukeland universitetssjukehus utvida deltakinga si frå å gjelde psykisk helsevern til å omfatte andre aktuelle tenester (i første omgang ved at Barne- og ungdomsklinikken og også Avdeling for rusmedisin no er aktive klyngedeltakarar).

Utviding av klynga gjer det mogeleg å satse meir ambisiøst enn tidlegare, m.a. når det gjeld å kombinere tenesteutvikling og forskning. Fleire av deltakarane arbeider konkret med å mobilisere fagleg og økonomisk for å få på plass nye doktorgradsprosjekt i musikkterapi, finansierte eksternt og/eller av deltakarane sjølve.

### Arenaer for samhandling

Som tidlegare år, hadde samhandlinga i POLYFON i 2017 fleire fokus og arenaer:

- Samhandling med og mellom brukarar
- Samhandling mellom ulike tenestenivå
- Samhandling mellom tenestene og forskingsmiljøa
- Samhandling i Vestlandsregionen
- Samhandling med nasjonale organisasjonar og myndigheiter
- Samhandling med nasjonale og internasjonale fagmiljø.

Utvikling i 2017 omfatta m.a.:

Brukardeltakinga i POLYFON-samarbeidet vart styrkt, både gjennom aktiv deltaking i arbeidsgrupper og gjennom utvikling av nye aktivitetar, som medforskning. Det er likevel behov for å vidareutvikle brukarane si deltaking i POLYFON.

Behovet for samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane er noko av det som driv prosjektutviklinga ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus knytt til opplevingsteknologi. Samarbeidet mellom Bergensklinikken, Haukeland universitetssjukehus og Bergen kommune om det nye musikkontaktkurset som vart etablert i 2017, eksemplifiserer også dette.

Samhandling mellom tenestene og forskingsmiljøa gjennomsyrrer det meste av det som skjer i klynga, medan samarbeidet i Vestlandsregionen er monaleg styrkt i 2017, ved at eit partssamarbeid i Sogn og Fjordane melde seg inn i klynga. Her vil det i framtida vere relevant å opne for eit sterkare samarbeid både mot Rogaland og mot Møre og Romsdal.

Som tidlegare, vert klyngesamarbeidet i POLYFON supplert med nasjonale nettverk innan rusfeltet og barnevern. Under POLYFON-konferansen 2017 vart behovet for eit tilsvarande nasjonalt nettverk innan musikkterapi og eldrehelse diskutert.

I 2017 vart det lagt eit nytt grunnlag for samhandling med nasjonale og internasjonale fagmiljø, m.a. ved at prosjektet LongSTEP om musikkterapi med for tidleg fødde spedborn vil opne for samarbeid med mange aktørar, frå Haukeland universitetssjukehus til ei lang rekkje fagmiljø i andre delar av landet og i andre land.

### **Kombinererte stillingar som reiskap for samhandling**

Kombinererte stillingar er ein viktig reiskap for å skape samhandling om tenesteutvikling, utdanning, forskning og formidling. Som skissert i årsmeldinga for 2016, er ein del kombinasjonar etablerte allereie, der forskarar ved GAMUT også har stillingsdel i ulike delar av tenestene.

For 2017 gjeld dette stillingar i: Aleris Omsorg Norge, Bergen kommune (Kulturskulen), Haraldsplass Diakonale Sjukehus og Haukeland universitetssjukehus (Barne- og ungdomsklinikken, Bjørgvin DPS og PBU).

Det er eit stort potensial for vidare utvikling av dette til ein meir systematisk strategi for samhandling på musikkterapiområdet, slik det er gjort innan andre helseprofesjonar. Nyutvikling i 2017 inkluderer:

- Førsteamanuensis Lars Tuastad har fått fast 50 % stilling ved Griegakademiet, UiB. Han kombinerer dette med ei 50 % fast stilling ved Bjørgvin DPS, noko som skapar nye føresetnader for forskingssamarbeid mellom UiB og Haukeland universitetssjukehus innan psykisk helse.
- Musikkterapeut Kathrine Dahle i Bergen kommune har fått ei 30 % engasjementsstilling knytt til Stefan Koelsch (Det psykologiske fakultet, UiB) sitt NFR-finansierte prosjekt ALMUTH, med fokus på effekten av musikkterapi for heimebuande eldre personar med demens.

### **Andre reiskap for samhandling**

Nokre av dei viktigaste reiskapane for å stimulere samhandling, ut over det som er nemnd over, er:

- Kvartalsvise styringsgruppemøte, med representantar for alle deltakarane i klynga
- Halvårlege fellessamlingar for arbeidsgruppene på dei fem arbeidsfelt
- Årlege møte med fagrådet (Scientific Advisory Committee)
- Den årlege POLYFON-konferansen.



*På møtet 21. september 2017 avslutta Christian Rieber si deltaking i POLYFONs styringsgruppe, og fekk velfortente blomar og takkeord frå Griegakademiet. Frå venstre: Jorunn Bakke Nydal (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Brynjulf Stige (GAMUT, Griegakademiet & Uni Research Helse), Anne Marita Milde (RKBU, Uni Research Helse), Christian Rieber, Frode Wikne (NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus), Thomas Høiseth (Aleris) Randi Rolvsjord (Griegakademiet) og Ingvild Eide Graff (Uni Research Helse)  
Foto: Liv Gunnhild Qvale, Uni Research Helse.*



## 8 Retning for vidare arbeid

I årsmeldinga for 2016 summerte vi opp utfordringar og mogelegheiter på dei fem arbeidsfelta som POLYFON er organisert rundt, nemleg barn og unges oppvekst, psykisk helse, rus, eldrehelse og palliativ omsorg og behandling. Dei fleste refleksjonane der er framleis relevante etter gjennomføringa av prosjektåret 2017. Både ei ny retningslinje (demens), nye Cochrane-oversiktar (demens, depresjon, schizofreni), og nye kvalitative studiar publisert dette året er elles med på å gje utviklinga vidare ei retning.

Tilsvarande summerte vi i 2016 opp utfordringar og mogelegheiter knytt til målområda tenesteutvikling, forskning, utdanning, formidling og samhandling. Også desse refleksjonane er i hovudsak relevante etter at prosjektåret 2017 er avslutta.

Møtet med fagrådet 31. oktober 2017 gav nye overordna innspel til POLYFON-samarbeidet:

- I ei kunnskapsklynge er det nødvendig å utvikle arbeidsmåtar som sikrar at lokal og internasjonal kunnskapsutvikling står i ein samanheng
- For å løfte samarbeidet i kunnskapsklynga, vil det vere avgjerande å generere langt fleire ph.d.-prosjekt, og å deretter følgje opp med postdoktorløp osv.

Desse innspela utfordrar klyngedeltakarane på å styrkje samarbeidet ytterlegare, både mellom ulike tenestenivå og mellom tenestene og forskingsmiljøa. Desse utfordringane kan vi sjå i lys av at styringsgruppa gjentekne gonger har signalisert at samarbeidet bør vere fokusert og gjensidig forpliktande, noko som i 2017 initierte arbeid med ein fagleg plan for andre prosjektperiode. Ein slik plan vil verte vedtatt i 2018, der det ved avslutninga av første prosjektperiode ikkje var avklart enno kva form planen skal ha, t.d. om den skal fokusere på definerte mål for alle arbeidsfelt og målområde, eller om ein skal avgrense seg til å artikulere indikatorar som kan dokumentere endringar av relevans for klyngesamarbeidet, supplert med fellesprosjekt på utvalde område.



*POLYFONs styringsgruppeleiar Geir Lien (Haukeland universitetssjukehus) i diskusjon med Thomas Høiseith frå Aleris Omsorg Norge.*

**Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for POLYFON pr. 31.12.17**

<b>Rekneskap 2017</b>	
Rest pr 31.12.2016, disponibel til utviding av 1. periode	2 090 007
Nye bidrag for 4.kvartal 2017, 2. periode	462 500
<b>Totalsum disponibel for 2017</b>	<b>2 552 507</b>
<b>Kostnadoversikt</b>	
<b>Nettverksadministrasjon og drift</b>	
Adm.koordinering*	532 700
Drift styre og Scientific Advisory Committee**	4 177
Seminarutgifter***	27 981
POLYFON-konferansen****	58 042
Annan drift	14 471
<b>Sum adm. og drift</b>	<b>637 371</b>
<b>Forskning</b>	
Prosjektleiing*****	868 793
Prosjektstønad	450 105
Såkornmidlar*****	183 309
Studentstipend	259 596
Vurdering	7 200
<b>Sum forskning</b>	<b>1 318 899</b>
<b>Totalsum</b>	<b>1 956 269</b>
<b>Disponibelt for 2017</b>	<b>2 552 507</b>
<b>Rest pr 31.12.2017, til overføring og fordeling på 2018, 2019 og 2020</b>	<b>596 238</b>

\* 20% formidlingsstilling kjem i tillegg til administrativ koordinering, og har vore Uni Research Helse sitt bidrag til POLYFON.

\*\* Utgiftene til SAC-seminaret 2017 vart delt mellom GAMUT og POLYFON. Ca 31.000 av POLYFONS del vart ikkje ført før i 2018, vil koma med på neste års rekneskap.

\*\*\* Ca 32.000 av seminarutgiftene for 2017 vart ikkje ført før i 2018, vil koma med på neste års rekneskap.

\*\*\*\* Inntektene og ca 59.000 av utgiftene til POLYFON-konferansen vart ikkje ført i 2017, vil koma med på neste års rekneskap. Sjå tabell nedanfor for ein enkel førebels oversikt over konferanserekneskapen.

\*\*\*\*\* Løn til Stige: det er ført 80% jan-sept, 20% okt-des.

\*\*\*\*\* Dette er prosjektmidlar utbetalt i 2017. Av dei prosjektmidlane som vart løyvd i 1.prosjektperiode, vert ca kr. 152.000 overført til 2018. Desse er ikkje med i rapporten for 2017, vil koma med på neste års rekneskap.

<b>POLYFON-konferansen</b>		
<b>Inntekter</b>		
	Deltakaravgift	34 000
	Støtte frå Universitetsfondet	20 000
	Støtte frå Griegakademiet	15 000
<b>Sum inntekter</b>		<b>69 000</b>
<b>Kostnader</b>		
	Kostnader ført i 2017	58 042
	Kostnader ført i januar 2018	13 725
	Forventa kostnader som enno ikkje er ført (estimat)	44 900
<b>Sum kostnader</b>		<b>116 666</b>
<b>Resultat</b>		<b>(47 666)</b>

## Vedlegg 2: Årsrapportar frå arbeidsgruppene i POLYFON

Nedanfor følgjer årsrapportane frå fire av arbeidsgruppene for arbeidsfelt i POLYFON. Arbeidsgruppene har representantar frå kommunane og spesialisthelsetenesta, og har med eller samarbeider med brukarrepresentantar. Gruppene har ansvar for å kartleggje behov, mogelegheiter og utfordringar på sitt aktuelle arbeidsfelt, og for å artikulere strategiar som kan stimulere utvikling innan målområda tenesteutvikling, utdanning, forskning, formidling og samhandling/samordning. Relevansen av kvart målområde vil variere mellom arbeidsfelta, og også endre seg over tid, slik at gruppene sjølve definerer eigne mål i samsvar med situasjonen innan kvart felt.

Rapportane som følgjer vart utarbeidd til møtet med fagrådet 31. oktober, der gruppene fekk i oppgåve å identifisere kunnskapsbehov på eige felt (jf. ideen om behovsdriven forskning).



**Vedlegg 2a: Rapport 2017 for POLYFONs arbeidsgruppe Barn og unges oppvekst**

*Thomas Høiseth, Aleris Omsorg Norge (Chair)*

*Liv Kleve, Haukeland universitetssjukehus (Bergen Health Authority/Haukeland University Hospital)*

*Viggo Krüger, Aleris Omsorg Norge*

Efforts have been made without success to add a member from the Bergen municipality administration to the group, with the intention to expand the impact of the group. This might be easier to achieve now that the municipality has decided to join POLYFON.

**Target group**

- Children and adolescents in child welfare, hospitals, schools, organized cultural activities etc.
- Relatives, peer relations and social networks.

**National guidelines or other management documents from authorities**

- Examine ways to influence various policies, guidelines and other policy documents both in the municipals and in specialized health services.
- Collaboration with the Norwegian association for MT (NFMT) and Board Membership in Norwegian association for musicians (MFO).
- Monitor and influence the political situation of the profession at any given point.
- Participation and description of practice in meetings and conferences with administrative bureaucracy.

**Input from user organizations**

- Involve user-organizations in the work.
- Contact with relevant organizations and invite relevant persons to relevant meetings.

**Efforts this period**

- MT's in Health Care, Haukeland University Hospital – positive signals in psychosis unit.
- MT's in other regions of the country, Aleris – Oslo, Trondheim, Skien
- Part time position in one other child care institution (Styve Gård) – continuation of music workshop in collaborating company.
- Viggo Krüger is member of Board in Norwegian association for MT (NFMT).
- School programs in secondary school in Bergen West – collaboration with school administrations.
- Theoretical anchoring of MT and Trauma Sensitive Care for children at risk.
- Established preventive programs in Open meeting place in Bergen South. Bergen Municipality is planning to establish a permanent MT position
- MT developed as a service for handicapped children living in Aleris institutions.
- Participation and presented papers and posters in national and international conferences.
- Viggo Krüger presented theory, method and results from ongoing work for leaders in National Child Care Authority – Increased interested in MT as a method and perspective in Care for children at risk.
- Creating an Open Mic Scene "Pøbelscenen" together with a number of other governmental organizations, NGO's and commercial companies.
- International participation in EU project STALWARTS – cooperation with "Hyssingen Production School". Project start in Bristol November 3<sup>rd</sup> and 4<sup>th</sup>.
- Participation and paper presentation and workshop in Conference in Munich. Meeting with international scientists on MT.

### **Future plans and efforts to come**

- Continue ongoing projects and transference of experience and responsibility from Aleris to municipal authority.
- Creating MT to other target groups
- Transference of experience to other municipalities in the region and to other regions.
- Establish local and national networks, involving resources in other service areas, for example MT's connected to Kindergartens.

### **Research needs**

Currently there is some research (published and ongoing) on user experiences, especially within child welfare and mental health). This type of research needs to be developed further. In addition, there is need for:

- Effect studies
- Theoretical studies on adjacent perspectives and branches within Care for children at risk: Trauma Sensitive Care, ecological theory, neuropsychology and neurology.

**Vedlegg 2b: Rapport 2017 for POLYFONs arbeidsgruppe Psykisk helse vaksne**

*Lars Tuastad, musikkterapeut Bjørgvin DPS/ Prosjektleder MOT82 (gruppeleder)*

*Elise Bergsagel, leder for psykiatrisk team Fjell Kommune*

*Maria Magnusdottir Hope, psykolog Øyane DPS*

*Bjarte Johansen, brukarrepresentant MOT82*

*Øystein Lydvo, musikkterapeut Bjørgvin DPS*

*René Misje, musikkterapeut Kronstad DPS*

*Anne Turid Nygaard, rådgjevar Etat for psykisk helse og rustjenester, Bergen kommune*

*Tor Egil Pettersen, seksjonsleder, TPM (Tidlig Psykose, Martens) Psykiatrisk Klinikk*

Since last year meeting with Scientific Advisory Committee a lot of positive things have taken place within music therapy in the field of mental health – adults. A brief summary are listed below:

- Music therapists have been employed in every DPS in Bergen.
- Medicine free treatment in the health sector recommends music therapy as an alternative treatment.
- MOT82, the local music therapy project in mental health after care, got money to employ a music therapy position from January 2017 – December 2018.
- We have identified several places in aftercare that want to include music therapy – some of them wanted to start as a student placement.
- Closer link to the municipality (the city of Bergen part of POLYFON now).

The model below can be viewed as the main aim for the working group:

**Aim:**

Develop music therapy in the different levels in mental health care



After care: MOT82 ved U82



Treatment - DPS



Acute-phase prevention (Sandviken)

Concerning research, our working group has identified two levels. On the one hand we need qualitative research with a user perspective. In MOT82 a user perspective will be exploring how users experience music therapy. It will include action research, case studies, field work, interviews, exploring the user-ask-user-method, co-researching, etc.

On the other hand, quantitative effect research is needed to document if and how music therapy has an effect for the users. The working group also identified health economic and social economic perspectives to be important issues to study for the future.

## Vedlegg 2c: Rapport 2017 for POLYFONs arbeidsgruppe Rus vaksne

Eva Karin Løvaas, Bergensklinikkene (leder)

Frode Andvik, Rustenester, Fjell kommune

Steinar Hjelmbrekke, Bergensklinikkene

Tom Johannesen, brukerrepresentant

Kristian Nicholas Lindseth, AFR, Askøy behandlingssenter Haukeland universitetssjukehus

Svanhild Mellingen, AFR, Askøy behandlingssenter Haukeland universitetssjukehus


Morten Sommerbakk Korneilussen, brukerrepresentant

### Possibilities for research

We need more knowledge about music therapy and substance use and addiction within Norwegian contexts and conditions. Lack of practice and experience in the municipalities currently reduces the research possibilities substantially. Similarly, there are no music therapists in the clinics in AFR – Haukeland universitetssjukehus. It can thus not be initiated research to investigate the effect of music therapy in their treatment. Where music therapy is established (Bergensklinikkene), there is great willingness to facilitate research, but it will be necessary with a close collaboration with various research units. We have the possibility and ability to apply for funding and to obtain assistance from other members in Polyfon in the research work.

### Research areas

- Gender-related questions
- Age related questions
- Diagnosis related questions
  - related to addiction /substance abuse disorder in general
  - related to addiction /substance abuse disorder and comorbid disorders in general
  - related to various drugs / substances
  - related to various drugs / substances and various comorbid disorders, Example: ADHD and abuse of amphetamine
- Short term treatment versus long term treatment
- Significance of the various phases associated with the drug problem
  - The effect related to:
    - detoxification - with and without comorbid disorder
    - short time abstinence – with and without comorbid disorder
    - long time abstinence – with and without comorbid disorder
- the music therapist as the main therapist and coordinator of the overall approach/Comprehensive view of advantages and disadvantages
- The effect of Recovery expertise – collaboration between music therapist and a former drug addict, who has used music therapy as part of his recovery, in the exercise of the treatment.
- The effect of home based music therapy.





**Vedlegg 2d: Rapport 2017 for POLYFONs arbeidsgruppe Eldrehelse***Minna Hynninen, NKS Olaviken (leder)**Solgunn Knardal, NKS Olaviken**Frode Wikne, direktør NKS Olaviken***Older adult health: Research needs and service development**

Currently, MT positions in municipalities in the region are mostly linked to nursing homes/institutions. Thus, the opportunities for offering music therapy for home-dwelling older adults, as a low-threshold treatment on its own or as follow-up treatment after a hospitalization in specialist health care, are at the present moment almost non-existing.

Non-pharmacological treatment models for mental health problems are being called for on a regional and national level. With the increasing number of elderly in the population, there is also an increasing demand for supplementary treatment alternatives in addition to traditional medical treatment. Chronic illnesses and complex conditions with co-morbidities, which are frequent among older adults, require treatment models focusing on outcomes such as improving quality of life and coping, as well as tailoring treatment for individual needs.

Our clinical experience is that music therapy has remarkable potential as a supplementary, non-pharmacological treatment for older adults with chronic and/or complex health problems. However, the evidence-base is limited, in particular when it comes to efficacy/effectiveness of music therapy for home-dwelling older adults. As the number of elderly in the population is increasing, it is likely that there will also be an increasing competition on available resources and financing. Without research providing evidence of the potential and utility of music therapy, it may become increasingly challenging to persuade decision-makers in the health care sector to explore alternatives to traditional health care and create new positions for music therapists outside institutional settings.

Thus, in our opinion the primary research need within the area of older adult health is a high quality randomized controlled study of efficacy/effectiveness of music therapy for home-dwelling older adults, including also outcomes related to health economy (e.g. the potential to delay nursing home placement, need for home-based services). Currently, there is a large ongoing RCT study in the largest municipality within our region, focusing on musical training for older adults with dementia with Alzheimer's disease, who have experience with playing an instrument. The study is most likely to provide interesting results, which may also support the potential of music therapy interventions for home-dwelling older adults. However, as the study focuses on patients with AD and previous experience with playing an instrument, there is still a need for more research in order to build a sufficient evidence-base, and perhaps in particular effectiveness studies focusing on implementation.

The members of the group for older adult health are also working on smaller projects, which could potentially provide feasibility data for an RCT study on effectiveness. Results from a process study focusing on the effect of at home music therapy for older adults with mild to moderate dementia on communication, behavioral and psychological symptoms, as well as caregiver distress, are likely to also inform on the feasibility of music therapy intervention at home, in cooperation with the caregivers. An innovation project is also focusing on creating a technological application for "my musical life story", which could be tested in a future RCT study.